

Møteinnkalling

Utval: **Folgefonna nasjonalparkstyre**
Møtestad: Bondhus og deretter Odda kommune - rådhuset
Dato: 11.12.2019
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 97067100. Oppmøte og synfaring på Bondhus ved p-plass kl 10:00. Lunsj ca 11:30 på rådhuset i Odda. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 51/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 52/19	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 53/19	Oversikt over budsjett og tiltak 2019 - Folgefonna nasjonalparkstyre		2019/4171
ST 54/19	Framlegg til budsjett for drift av Folgefonna nasjonalparkstyre 2020		2019/4171
ST 55/19	Søknad om tiltaksmidler 2020 - Folgefonna nasjonalparkstyre		2019/4171
ST 56/19	Bestillingsdialog med SNO		2019/4171
ST 57/19	Årsrapport Statens Naturoppsyn - Folgefonna nasjonalpark 2019		2019/22282
ST 58/19	Møteplan for 2020 - Folgefonna nasjonalparkstyre		2019/4171
ST 59/19	Fagleg godkjenning av besøksstrategi - Miljødirektoratet		2019/4171
ST 60/19	Søknader om tiltaksmidler - restaurering og vedlikehald av ferdselsveggar		2019/4171
ST 61/19	Referatsaker		
ST 62/19	Delegerte saker		
DS 40/19	Løyve til motorferdsel for vitenskapeleg undersøkingar - Bondhusdalen landskapsvernområde		2019/17658
DS 41/19	Delegert vedtak - Forlenga løyve til landing med helikopter i Raunsdalen		2019/10362
DS 42/19	Delegert vedtak - Avslag på søknad om bruk av drone - Bjørndalstindane - Folgefonna nasjonalpark		2019/19178
DS 43/19	Delegert vedtak - Utvida løyve til tiltak på Brufoss inntak og Stutatjødn kanal - Bondhusdalen landskapsvernområde		2019/1110
ST 63/19	Eventuelt		

ST 51/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 52/19 Val av styremedlem til å skrive under protokollen



Arkivsaksnr: 2019/4171-0
Sakshandsamar: Jostein Klette
Dato: 04.12.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	53/19	11.12.2019

Oversikt over budsjett og tiltak 2019 - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

1. Saka vert tatt til informasjon
2. Forvalter får delegert fullmakt til å vurdere og disponera bruk av restmidler til tiltak som ligg inne i lista over ønska gjennomført tiltak i 2020, jf. Sakspapir.

Saksopplysningar

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Saksframlegg

Verneområde	Skildring	Søkt om	Tildelt	Brukt
TILTAKSMIDLER				
Lokalitet				
Folgefonna nasjonalpark med landskapsvernområder	Kartlegge og utrede kostnader ved fjerning av gran og andre framande bartre i verneområda.	300 000		160 000
Bondhusdalen landskapsvernområde	Sjå på fordeling av ansvar og oppgåver i høve til drift av innfallsport Bondhusdalen.	250 000		0
Folgefonna nasjonalpark – Skrelet	Forsterking av bru – Buførevegen - Skrelet	20 000		20 000
	Informasjonsfilm om Folgefonna NP	150 000		0
Folgefonna nasjonalpark – Ridestien Tokheimslia	Tilskot til vøling av ridestien	Var ikkje søkt om		150 000
Sum		720 000	500 000	330 000
DRIFTSMIDLAR				
Utgifter til				

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturresevat	Langebudalen



Folgefonna
nasjonalparkstyre

forvaltningsplan, besøksstrategi og skjøtselsplaner				
	Informasjons- og dialogmøter i samband med besøksstrategi	25 000		0
	Kartografiske tenester til brukarundersøking	50 000		0
	Kart	0		26 000
	Etterundersøking	200 000		150 000
	Kartlegge og utrede kostnader ved fjerning av gran og andre framande bartre i verneområda.	0		160 000
	Pilotprosjekt for å utreie modell for offentleg-privat samarbeid for drift og tilrettelegging på innfallsporten i Bondhusdalen	200 000		10 000
SUM			475 000	346 000
Drift av nasjonalparkstyret				
	Møtegodtgjersle for Folgefonna nasjonalparkstyre	71 415		40188
	Reiseutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	36 030		3956
	Møteutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	40 000		14 025
Rådgjevande utval				
	Reiseutgifter for rådgivende utval	6 000		0
	Møtekostnader rådgjevande utval	5 000		0
SUM			160 000	Mellombels 58 169





Vurdering

Per dags dato er det att både tiltaksmidler og driftsmidler. Bakgrunnen for dette er at nokre av prosjekta som var planlagt ikkje vart starta opp eller vart mindre i omfang. Kartlegging av gran vert delfakturert på begge budsjetta, noko som gjer at det er midler att på tiltaksbudsjettet.

Fordi det tek tid å få fakturaer gjennom rekneskapssystemet er det no liten mulighet for å omdisponera midler til tiltak i verneområdet. Forvalter ynskjer likevel muligheten til å sjå om ein kan får gjennomført nokre tiltak som ligg inne i tiltakslista for 2020. Dette forutset at det vert gjeve delegert fullmakt til forvalter for å nytte tiltaksmidlane.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	54/19	11.12.2019

Framlegg til budsjett for drift av Folgefonna nasjonalparkstyre 2020

	Budsjett 2020	Merknader
Driftsutgifter for utvala		
Møtegodtgjersle for Folgefonna nasjonalparkstyre	62 199	Sjå eige oppsett
Reiseutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	6320	Sjå eige oppsett
Møteutgift Folgefonna nasjonalparkstyre	103 200	Sjå eige oppsett
Sum Folgefonna nasjonalparkstyre	171 719	
Reiseutgifter for rådgivende utval	6 000	1 møte, 12 rep, 500,- pr rep
Møtekostnader rådgjevande utval	5 000	
Sum Rådgjevande utval	11 000	
SUM DRIFTSUTGIFTER	182 719	
Utgifter i samband med forvaltingsplan, besøksstrategi og skjøtselsplanar		
Informasjons- og dialogmøter i samband med besøksstrategi	60 000,-	Estimert 6 møter med kommuner og andre typer informasjonmøter
Prosjekt drift av infrastruktur Bondhusdalen	40 000,-	Estimert 4 møter i tillegg til innleige av foredragsholder
SAMLA KOSTNAD	282 719,-	

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Estimering av utgifter til møtegodtgjersle 2020 for Folgefonna nasjonalparkstyre										
Grunnlag frå Statens personalhandbok 2019		Utvalgsgodtgjøring frå 1. januar 2019								
		Leiar		612,- pr time						
		Øvrige medlemmer		463,- pr time						
Møtedato	Type	Tal timar	Tal deltakarar	Timebruk leiar (t)	Timebruk førebuing (t)	Kostnad leiar (kr)	Timar øvrige (t)	Kostnad øvrige (kr)	SUM møte	Kommentar
xx.03.2020	Styremøte	3	4	3	3	3672	9	4167	7839	Fordeling av midlar/tiltak
xx.06.2020	Styremøte m/synfaring	6	4	6	4	6120	18	8334	14 454	Styremøte og synfaring
xx.09.2020	Styremøte m/synfaring	6	4	6	4	6120	18	8334	14 454	Styremøte og synfaring
xx.11.2020	Styremøte	4	4	4	4	4896	12	5556	10 452	Bestillingsdialog
	Tappt arbeidsforteneste								15 000	
SUM møtegodtgjersle 2020									62 199	
Køyre-/reisegodtgjersle										
					Kr i snitt	Tal deltakarar				
Basert på køyreavstand frå rådhus/heimstad til Rosendal					1580	4	6320			

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturresevat	Langebudalen



Følge SUM reiseutgift 2020							6320	
nasjonalparkstyret								
Leige av lokaler, overnatting, servering under styremøta:								
4 møte inkl 2 synfaringer (møterom, lunsj, kaffi/te med meir)							30 000	
Kompetanseseminar/opplæringsprogram								
	Styre + vara	Utgifter til programmet	Overnatting + reise					
	8 stk	6 000	3400,- pr stk x 8			33 200		
Nasjonalparkkonferanse 2 dager + overnatting, middag, lunsj med mer. For styret (4 stk)							40 000	
SUM møteutgift 2020							103 200	
TOTALT							171 719	

Grunnlag for køyregodtgjersle

Sats for 2019	4,03 pr km		
		T/R (km)	Køyring x 4 møter
Odda – Rosendal		90	360
Etne – Rosendal		250	1000
Bondhus - Rosendal		52	208
			1568 km
Køyregodtgjersle	4,03 kr pr km x 1568		6320 kr
Pr styremedlem i snitt			1580 kr



Arkivsaksnr: 2019/4171-0
Sakshandsamar: Jostein Klette
Dato: 28.11.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	55/19	11.12.2019

Søknad om tiltaksmidler 2020 - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

Styret vedtar framlegg til søknad om tiltaksmidler slik det ligg føre.

Saksopplysningar

Miljødirektoratet sine rammer for forvaltning av verneområder
Det overordna målet for tiltaksmidlane er at dei skal nyttast slik at naturtilstanden i verneområda vert opprettholdt eller betra. Tiltak som betrar tilstanden vert prioritert i tildeling av tiltaksmidler, jf retningslinjer frå miljødirektoratet «*Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder*».

Ved fordeling av midler til skjøtsel og besøksforvaltning skal tiltaka som gjer størst positiv effekt på tilstanden og som direkte bidreg til å motvirke negativ påverknad prioriterast.

Miljødirektoratet har sett opp denne lista for prioritering av tiltaksmidler (jf vedlegg):

«Prioriteringer ved bruk av tiltaksmidler:

1. Tiltak som direkte bidrar til å motvirke negative påvirkningsfaktorer knyttet til trusselbildet (...)
2. Løpende skjøtselstiltak
3. Vedlikehold av eksisterende tilrettelegging
4. Bruk av merkevaren Norges nasjonalparker i verneområder med høyt besøkstrykk

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



5. *Bruk av merkevaren i øvrige verneområder*
6. *Besøksforvaltningstiltak som ikke er direkte knyttet til trusselbildet (slik som fugletårn mm.)».*

Rammer i besøksstrategien

Tiltaka skal vera forankra i forvaltningsplan eller besøksstrategi for området. Folgefonna nasjonalpark har ikkje vedtatt sin besøkstrategi men denne er antatt vedtatt innan sumar 2020. Denne vert difor lagt til grunn for søknaden om midler til tiltak. Under er ei oversikt over tiltaksplanen for 2019 og 2020. Tiltaka i 2019 er tatt inn her siden desse ikkje har vore gjennomført på bakgrunn av at besøkstrategien ikkje har vore ferdig.

Besøksstrategien - Tiltaksplan 2019-2020

Tema/Lokalisering	Skildring	Prioritet	Gjennomføringsperiode
	Informera om sentrale vernereglar på heimesiden – jf kommunikasjonsplan	1	2020
	Kommunikasjonsplan – sikre god og tilpassa kommunikasjon over alle plattformer. Informasjonsplan for dei mest brukte innfallsportane	1	2020
	Nasjonalparkstyret og naturrettleiar lagar eit undervisnings- og informasjonsprogram for born og unge, som skal formidle verneverdiane	2	2020
Bondhusdalen	Opprette kontakt med grunneigarane for å undersøke om det er mogleg med eit off privat samarbeid om infrastruktur ved innfallspport.	1	2019
	Bygge opp att varde og designe nytt informasjonspunkt på p-plass	1	2020
	Oppdatera skiltplan ved Bondhusvatnet	2	2020
Ænesdalen	Toalett på innfallspport på Ænes	2	2019



	– samarbeid kommune, grunneigarar, friluftsråd		
	Infoskilt om turar på Ænes	2	2020
Hattebergsdalen	Utarbeida nærsti med info om kultur og naturhistorie rundt Hattebergsfossen	1	2019
Folgefonna	Infopunkt på det nye besøkssenteret på Langfoss i Etne	1	2020
	Infopunkt på besøksenter Jondal	1	2020
	Utvide gratis info tilbud folgefonnssenteret	1	2019
	Utvide innfallsport på Kletta i samarbeid med kommune, grunneigarar mm	2	2020
	Toalett ved Myrdalsvatnet	2	2020
	Plan for oppdatering av informasjonstilbod på alle desentraliserte infopunkt (Agatunet, Odda turistinformasjon, Juklafjord og Langfoss).	2	2020
Buerdalen	Samordne informasjonspunkt med ny skiltplan.	2	2019
Kontinuerleg arbeid			
	Årlege møter og samlingar for reiselivet tilknytt Folgefonna		
	Halde oversikt over omfang og type organisert verksemd. Halde kontroll med større arrangement og organiserte turar.		
	Arrangera folkemøter i alle bygder med fokus på kva vern		



	av Folgefonna betyr.		
	Sikre god dialog med grunneigarar, rettshavarar og reiseliv for å hindre konflikter mellom ulike interesser.		
	Vedlikehald av sti på enkelte punkt der slitasje er eit problem i samarbeid med grunneigar – Buerdalen		
	Kontinuerleg vedlikehald av tilrettelegging for ferdsel langs stien til Buerbreen.		

Rammer i forvaltningsplanen

Forvaltningsplanen viser til oppfølgjande tiltak som forvaltningsstyresmakta skal følgje opp i planperioden. I forvaltningsplanen er det lagt vekt på tiltak som bør skje tidleg i forvaltningsperioden, og det må difor vurderast om ein del av tiltaka i denne planen bør prioriterast.

Forvaltningsplan – Tiltak

Tema	Skildring	Prioritet	Gjennomføringsperiode
Kulturminne	Betre kunnskapen om kulturminne i området		
	Utarbeida retningslinje for kva som kan reknast som tradisjonell byggjeskikk i området.		
Jord- og skogbruk	Oversikt over skorfeste og setje i verk tiltak		
Friluftsliv og turisme	Hale oversikt over bruken av området til organisert og uorganiserte aktivitetar. Syte for at det ikkje oppstår konflikt mellom interesser eller verneføremål.		
	Utarbeida ein plan for merking og opparbeiding av vegar, stiar,		



	bruer og ferdselsvegar.		
Bondhusdalen	Arbeida for å kanalisera tilskotsmidlar til landsbruksdrift som fremjar kulturlandskapet		
	Setje opp og halde ved like gjerde mot trafikkårene innover i dalen		
	Setje opp gjerdeklyvarar ved dei mest nytta grindene.		
	Opprette eit veglag som skal stå for drift og vedlikehald av toalettanlegg, p-plass med meir.		
	Rydde skog rundt styvde almetre langs vegen til Gardshammar.		
	Utarbeida strategi for skjøtting av gamle styvingstre.		
	Teigar med planta gran og lerk som slik at dei ikkje er økonomisk interessante for hogst, bør hoggast som skjøtselstiltak.		
	Informasjon til turistar om landbruksdrift og motorferdsel i samband med dette.		
Ænesdalen	Følgje opp innhaldet i skogbruksplanane.		
	Informera dei aktuelle brukargruppene om landbuksdrifta i området og motorferdsel i samband med dette.		
	Merking av dagens rutenett etter retningslinjene til DNT		
Hattebergsdalen	Oppnå samordning av og samhandling med offentlege økonomiske ordningar for å sjå til		



	at kvalitetane i kulturlandskapet vert sikra både i landskapsvernområdet og kulturlandskapet knytt til baroniet.		
	Hogge planta gran og lerk når bestandane er hostmodne, og hindre spreining.		
	Gjennomføre ny registrering av edelauvskog i Markaskorane.		
	Kan opparbeidast ny tursti langs vestsida av Hattebergselva etter at ruteval er avklart med forvaltningsstyresmakta.		
Buer	Informasjon om å ta omsyn til landbruksdrifta i ormådet.		
	Påtrykk for utbetring og sikring av vegen utanfor verneområdet.		
	Løyse utfordringar knytt til sanitærtilhøve.		

Prioritering av tiltak

Retningslinjene frå miljødirektoratet (sjå vedlegg) viser til at direkte trugsmål som til dømes spreining av framande artar skal prioriterast, i tillegg til pågåande skjøtselstiltak og vedlikehald av eksisterande tilrettelegging.

Det er i tiltaksplanen sett opp 8 ulike tiltak/prosjekt som har 1. prioritet for gjennomføring i 2019/2020, og 8 tiltak/prosjekt som har 2. prioritet. I tillegg er det i besøksstrategien lista opp ei rekke oppgåver som skal ha kontinuerleg fokus. Samla sett vil dette krevje ein stor ressursbruk langt ut over det som nasjonalparkstyret har tilgjengeleg for 2020.

Eit av dei viktigaste prosjekta i forvaltningsplanen er uttak av gran og framande bartre i verneområda. Det er i 2019 gjennomført ei kartlegging av gran og andre bartre i verneområda. Denne typen arbeid har høg prioritet frå miljødirektoratet si side.



Forvaltar meiner at prioritering av tiltaksmidler for 2020 må fokusera på:

1. Uttak av framande artar.
2. Etablere god infrastruktur og informasjon på dei viktigaste innfallsportane

Difor legg forvaltaren fram forslag til følgande forslag til bruk av tiltaksmidler i 2020.

Verneområde/tema	Skildring tiltak	Forankring	Søkt om
Fjerning av gran og framande bartrearter.	Det er i 2019 gjennomført ei kartlegging av gran og framande bartre i Nasjonalparken og tilgrensande landskapsvernområde. Lokalitetane kan delast i to kategoriar 1) tette bestander som er planta og 2) spreidde bestander som er resultat av frøing. Miljødirektoratet har viser til at avtale med grunneigarar og andre formalitetar bør vera i orden før det vert søkt om pengar. Det er i dag ikkje gjort nokon slike avtaler. Forvaltar meiner at det bør søkast om 400 000,- som fortrinnsvis bør brukast på hogst av mindre bestander som har frøa seg inn i verneområdet. Arbeidet med å ta ut framande bartre vil pågå over mange år og det bør startast opp snarast.		400 000,-
Infopunkt - Bondhusdalen	Bygge opp att varde og etablere nytt infopunkt. I tillegg må det utformast generell informasjon knytt til parkering. Konkret er det føreslege 1 stort infoskilt, 4 skilt om parkering og liknande i tillegg til oppattbygging av 1 varde.	Besøksstrategien	200 000,-
Infopunkt - Langfoss	2 Store informasjons-punkt 1000 x 700 mm. 1 med info om nasjonalparken. 1 med info om Langfoss m.m. 2 stk opplysningsskilt, med føremål å vise startpunkt for sti og liknande.	Besøksstrategien	140 000,-
Infopunkt – Folgefonna	2 Store informasjons-punkt 1000 x 700 mm. 1 med info om nasjonalparken. 1 med info om	Besøksstrategien	140 000,-



	sommarski-senteret. 2 stk opplysningsskilt, med føremål å vise startpunkt for sti og liknande.		
Infopunkt - Buer	4 Store informasjonspunkt 1000 x 700 mm. 2 med info om nasjonalparken. 2 med info om Buardalen, til 2 parkeringsplasser. 2 stk opplysningsskilt, med føremål å vise startpunkt for sti og liknande.	Besøksstrategien	200 000,-
Undervisnings- og informasjonsopplegg i lag med naturrettleiar	Nasjonalparkstyret og naturrettleiar lagar eit undervisnings- og informasjonsprogram for born og unge, som skal formidle verneverdiane. Konkret vil det omfatte undervisningsmateriell og utarbeiding av dette.	Besøksstrategien	25 000,-
Nærsti - Hattebergdalen	Utarbeida nærsti med info om kultur og naturhistorie rundt Hattebergfossen. Konkret vil det vera utgifter til skilt og informasjonsmateriell.	Besøksstrategien	60 000,-
Infoskilt Ænesdalen	Infoskilt om turar på Ænes og landskapsvernområde. Lite infopunkt 700 x 500 mm. Delfinansiering på 50 %.	Besøksstrategien	50 000,-
Skilt Møsevatnet	Skiltinfo ved Møsevatnet skal vera vekke. Dette punktet gjer direkte innsyn til Folgefonna og er populært startpunkt for kajakkpadling til Bretunga av Møsevasbreen. Det er her trong for nytt skilt for å opplyse om verneområdet og informasjon om farane ved å ferdist nære brearmen. Lite informasjonspunkt 700x500 mm og eit informasjonsskilt. Delfinansiering på 50 %.	Er ikkje forankra i besøksstrategien for 2020 men det manglar skilting og det må erstattast	57 100,-
SAMLA SUM			1 272 100,-



Arkivsaksnr: 2019/4171-0
Sakshandsamar: Jostein Klette
Dato: 28.11.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	56/19	11.12.2019

Bestillingsdialog med SNO

Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre legg inn bestilling av tenester som vist under.

Saksopplysningar

SNO sine oppgåver og aktivitetar i verneområda skal samordnast med tildelinga av midlar til tiltak i verneområda for å få ein effektiv bruk av dei samla ressursane til tiltak i verneområda. I bestillingsdialogen med SNO skal styret drøfta ynskje om bistand/ressursbruk frå SNO til eventuelle prosjekt, kartlegging og tiltak, i tillegg til kjerneoppgåvene som mellom anna er oppsyn og overvaking av naturtilstand.

Forvaltar legg fram forslag til bestilling av tenester frå SNO for 2020 til drøfting i styremøtet. Forslaget er utarbeidd på bakgrunn av innspel frå grunneigarar, kommunar og andre interessentar, samt innspel og diskusjonar i styret ila hausten 2019. Tiltaka er i tillegg vurdert på bakgrunn av dialog med SNO. Styret må gå gjennom innspela og drøfte prioriteringane under møtet.

Frist for innmelding til bestillingsdialogen til Miljødirektoratet er 10. januar 2020. Dette gjennomfører sekretariatet på bakgrunn av styret sin vedtekne tiltaksplan.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Arkivsaksnr: 2019/22282-0

Sakshandsamar: Jostein Klette

Dato: 29.11.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	57/19	11.12.2019

Årsrapport Statens Naturoppsyn - Folgefonna nasjonalpark 2019

Innstilling frå forvaltar

Årsrapporten vert tatt til vitande

Saksopplysningar

Statens naturoppsyn (SNO) er Miljødirektoratet sitt operative feltorgan. Føremålet er å ivareta verneforskrifta og førebygge miljøkriminalitet. Nasjonalparkstyret bestiller tenester frå SNO knytt til tilsyn og oppfølging av verneforskrifta, i tillegg til praktiske oppgåver i felt.

Aktiviteten til SNO lokalt i nasjonalparken vert samla i årsrapport ved utgangen av året. Denne rapporten ligg vedlagt. SNO har ansvaret for ferdselsteljarar. Desse har i 2019 vore plassert i Buerdalen og Bondhusdalen. Data frå desse ligg vedlagt.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Arkivsaksnr: 2019/4171-0
Sakshandsamar: Jostein Klette
Dato: 03.12.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	58/19	11.12.2019

Møteplan for 2020 - Folgefonna nasjonalparkstyre

Innstilling frå forvaltar

Møteplan vert vedtatt slik den ligg føre

Framlegg frå forvalter

DATO	FØREMÅL
11. Mars	Møte – konstituering og seminar nasjonalparkstyret
xx. Juni	Synfaring og møte
xx. September	Synfaring og møte
xx. November	Bestillingsdialog
Andre viktige hendingar	
5 – 6 . mai	Nasjonalparkstyrekonferanse - Trondheim

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Arkivsaksnr: 2019/4171-0
Sakshandsamar: Jostein Klette
Dato: 04.12.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	59/19	11.12.2019

Fagleg godkjenning av besøksstrategi - Miljødirektoratet

Innstilling frå forvaltar

Fagleg godkjenning av besøksstrategien er tatt til orientering. Utlekking til høyring vil skje januar 2020.

Saksopplysningar

Miljødirektoratet har gjennomført ei fagleg vurdering av besøksstrategien før den skal ut til offentlig ettersyn. Dei peikar på at:

«Dokumentet er godt strukturert og det inneheld tydelege, konkrete og fornuftige mål og strategiar. Tiltaksplanen gjev ein god oversikt over dei tiltaka nasjonalparkstyret skal gjennomføre for å oppnå måla.»

Miljødirektoratet kjem med innspel om at:

« Vi kan ikkje sjå at de har vurdert eventuelle konsekvensar klimaendringar kan ha for besøksforvaltninga i verneområda. Vi ber dykk vurdere kva konsekvensar eit endra klima kan ha å seie for det besøksstrategiske arbeidet, til dømes i kapittel 2.8. "Samanstilling og situasjonsanalyse av kunnskapen".

Direktoratet sine merknadar vert innarbeida i dokumentet.

Besøksstrategien vert lagt ut på høyring snarast mogleg, antatt i byrjinga av januar 2020.

Miljødirektoratet sitt brev og besøksstrategien ligg vedlagt.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Arkivsaksnr: 2019/4171-0
Sakshandsamar: Jostein Klette
Dato: 02.12.2019

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	60/19	11.12.2019

Søknader om tiltaksmidler - restaurering og vedlikehald av ferdsselsvegar

Innstilling frå forvaltar

Grunna usikkerhet til kva midler som vert disponible i 2020 vil styret avvente med å legge inn nye tiltak på lista over tiltaksmidler, men ta nemnde tiltak opp til vurdering dersom det vert tilgjengelege tiltaksmidler i løpet av 2020.

Saksopplysningar

Folgefonna nasjonalparkstyret har fått inn 3 førespurnadar om støtte til restaurering og tilrettelegging av ferdsselsvegar i verneområdet.

Ridestien Tokheimslia – Folgefonna nasjonalpark

Odda og Ullensvang turlag ynskjer støtte til utbetring av ridestien. Det gjeld innsetting av steintrinn og betre informasjonsskilt. I tillegg er det ynskje om støtte til benkar. Odda og Ullensvang turlag fekk løyvd 150 000 kr på styremøte 3/19 i 2019, til utbetringstiltak på Ridestien.

Bru over Eneselva – Vatnastøl – Folgefonna nasjonalpark

Enes elveeigarlag fekk løyve til bygging av bru heimom Vatnastølsvatnet av nasjonalparkstyret i 2018. Det var i same søknaden søkt om dekning av kostnadane til brua på kr 70 000,-.

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



Stølsveg Guddal – Gamlestølen – Hattebergsdalen landskapsvernområde

Seimfoss grendalag ynskjer å restaurera den gamle setravegen frå Skeie og Seglem til Gamlestølen. Berre dei øvste delane av stien ligg inne i landskapsvernområdet. Tiltaka er ikkje omsøkt etter verneforskriften. Det er i tillegg ynskje om å restaurera eit av sela på Gamlestølen. I dag går det opp ein bratt sti frå Murabotn som vert nytta som ein av tre tilkomstruter til Malmangernuten. Denne stien er bratt og utsett for erosjon og overvatn. Generelt er det positivt å leggje til rette for alternative ruter som fører til mindre slitasje i terrenget.

Vurdering

Tildeling av tiltaksmidler vert primært vurdert på bakgrunn av forvaltningsplan og evt. vedtatt besøksstrategi. Dei tre prosjekta ligg ikkje inne i eksisterande forvaltningsplan. Det ligg ikkje føre ein vedtatt besøksstrategi i dag. Ein forventar difor at det ikkje vert tildelt tiltaksmidler til mange av dei prosjekta som ein ynskjer å kome i gang med. Fordi det er usikkerhet til kva mengde tiltaksmidler ein kan få i 2020 så bør nasjonalparkstyret avvente til tildelinga er klar. Det bør fyrst fokuserast på dei prioriterte oppgåvene av forvaltninga i verneområdet. Andre prosjekt, som denne saka viser til, er positive tiltak men bør vurderast ut frå tilgjengelege midler i 2020.

Forvaltar tilrår difor at ein avventer ei vurdering til ein eventuelt har tilgjengelege midler i 2020.

ST 61/19 Referatsaker

ST 62/19 Delegerte saker

**DS 40/19 Løyve til motorferdsel for vitenskapeleg undersøkingar -
Bondhusdalen landskapsvernområde**

**DS 41/19 Delegert vedtak - Forlenga løyve til landing med helikopter i
Raunsdalen**

**DS 42/19 Delegert vedtak - Avslag på søknad om bruk av drone -
Bjørndalstindane - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 43/19 Delegert vedtak - Utvida løyve til tiltak på Brufoss inntak og
Stutatjødn kanal - Bondhusdalen landskapsvernområde**

ST 63/19 Eventuelt